



KYRKJELEG FELLESTRÅD

KYRKJEVERJA I KVAM

Til medlemene i
Kyrkjeleg fellestråd i Kvam

Postadresse:
Norheimsund kyrkje,
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

E-mail: kyrkjeverje@kvam.kyrkjer.net
Telefon: 56 55 17 45 Mob. 41 40 00 35
Bankgiro: 3530.20.70472 - Org.nr.: 976995082

Dykkar ref:

Vår ref:
osl/11-18

Dato:
21. november 2018

Innkalling til møte i Fellestrådet

Stad: Strandebarm kyrkje, kyrkjelydshuset
Tid: Onsdag 28. november 2018 kl 15.15

Sakliste: **42/18 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat**
 43/18 Meldingar
 44/18 Budsjettet 2019
 45/18 Val av leiar og nestleiar for 2019
 46/18 Møtekalender våren 2019
 47/18 Stillingsomtale kateket
 48/18 Stillingsomtale diakon
 49/18 Namna minnelund, vidareføring og prioritering
 50/18 Leiarløn for kyrkjeverje

Varamedlemene møter dersom den faste representanten melder forfall.
Mogeleg forfall skal meldast til sekretæren i god tid før møtet.

VEL MØTT !

For Fellestrådet:

Hans Atle Soldal, leiar

Olav Skeie Lid, sekretær

Sak 42/18 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Framlegg til vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 3. oktober 2018 vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde:

Sak 43/18 Meldingar

Framlegg til vedtak: Kyrkjeleg fellesråd i Kvam tek framlagde meldingar til vitande.

- Arbeidet med å skaffa diakon til Kvam skrid fram. Tysdag 13. november hadde diakoni-nemnda eit mini-seminar saman med Vetle Karlsen Eide, for å gjera dei gode vegval vidare. Bjørgvin bispedømeråd har gjort det formelle vedtak kring sin del av finansieringa – og det står fast. Diakoni-utvalet har bede kyrkjeverje utarbeida stillingsomtale og utlysingstekst for diakon, og lysa ut stillinga no før jul, med tanke på tilsetjing i mars 2019. Sjå også sak om stillingsomtale i desse sakspapir.
- 10 gravminne er godkjende sidan sist møte.
- 12 søkjarar har søkt stillinga som kyrkjetenar i Norheimsund/Vikøy. Intervjurunde med utvalde kandidatar vil verta gjennomført med det første.

Sak 44/18 Budsjett 2019

Framlegg til vedtak: Endeleg budsjett for 2019 for kyrkjeleg fellesråd i Kvam vert å koma attende til i første møtet i 2019, når alle faktorar er kjende.

I skrivande stund kjenner me ikkje budsjettvedtaket til Kvam herad, men kun framlegget frå rådmannen. Det ser slik ut:

4.15 Kyrkja

4.15.1 Om tenestene KOSTRA-tema inneheld funksjonane 390 – Den norske kyrkja, 392 – Andre religiøse føremål og 393 – Gravplassar og krematorier, som kommunen yter tilskot til. Mesteparten av tilskotet vert utbetalt til Kyrkjeleg fellesråd i Kvam. I 2019 søker kyrkja om ein auke i kommunalt tilskot på 4,9% til 5,7 mnok. Bakgrunnen for søknaden er auka vedlikehald og ny diakonstilling. Kyrkja i Kvam har, som eit 3-årig prosjekt, fått tildelt 25% stilling som diakon frå bispedømet. Vilkår for tildelinga er at kyrkja sjølv finansierer 25% stilling. Det er foreslått å auka tilskot for 2019 med 2,8%, lik samla deflator i statsbudsjettet. Andre religiøse trus- og livssamfunn har rett på same tilskot per medlem som den Norske kyrkja. Det betyr at budsjettet må aukast i takt med budsjettauke til kyrkjeleg fellesråd. Den norske kyrkja er det lagt inn kr 150.000 i auke, som er ein auke på 2,8 %. Prosentauken er lik lønns- og prisvekst anslått i statsbudsjett 2019.

Det betyr at vårt ynskje om ein auke på 4,9% % er redusert til ein auke på 2,8%. Auken er som de ser på kr 150 000,- i nominelle kroner. I vårt framlegg bad me om ein tilskotsauke på kr 264 000,- Det er likevel verd å leggja merke til at rådmannen har sett vår satsing på diakoni og auka vedlikehald, - sjølv om auken i og for seg ikkje dekkjer meir enn løns- og prisveksten.

I skrivande stund er det også eit usikkert moment om korvidt me kan få tilskot til diakon-stillinga vår frå andre eksterne kjelder enn heradet, bispedømet og gjevarteneste. Kyrkjeverja arbeider for tida med ulike finansieringskjelder.

Sak 45/18 Val av leiar og nestleiar i fellesrådet for 2019

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Sak 46/18 Møtekalender våren 2019

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd vedtek fylgjande møtedatoar for våren 2019:

Onsdag 16. januar 2018 kl 15.15 (vedlikehaldsplan, budsejtt, strategiplan mm)

Onsdag 13. mars 2018 kl 15.15 (årsmelding, revisjon mm)

Onsdag 22. mai 2018 kl 15.15 (tertialrapport, mm)

Sak 47/18 Stillingsomtale for kateket

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner at vedlagde «Stillingsomtale for kateket» gjeld for kateketstilling i Kvam.

Stillingsomtale for kateket

1. Stillinga sitt føremål

Føremålet med stillingen er at alle døypte i soknet/sokna skal få tilbod om grunnleggjande opplæring i den kristne tru, tilpassa egne språklege, kulturelle og psykologiske føresetnader, og er elles i samsvar med sokneråda sine lokalt fastsette planar.

2. Plassering i organisasjonen

- Kateketen er tilsett i Kvam kyrkjelege fellesråd
- Næraste overordna er kyrkjeverja.
- Ved utføring av gudstenestelege og liturgiske funksjonar står kateketen under leiing av sokneprest eller forrettande prest.
- Kateketen har sjølvstendig ansvar for den faglege gjennomføring av eige undervisningsarbeid.

3. Arbeidsoppgåver

Kateketen skal:

- Vere ein aktiv pådrivar i trusopplæring / undervisningsarbeid i kyrkjelydane, og på den måten bidra til at Trusopplæringsplan for Kvam vert sett ut i livet.
- Ha eit særleg ansvar for konfirmantundervisninga i kyrkja.
- Bidra til at alle døypte barn, unge og foreldre/ føresette som høyrer til i soknet er godt kjende med kyrkjelyden sitt undervisningstilbod.

- Medvirka til planlegging og gjennomføring av eit visst tal gudstenester
- Bidra til brei deltaking og aktiv involvering frå barn/unge og deira foreldre/ føresette i fellesskapet i kyrkjelyden
- Ha eit særleg ansvar for at born/unge med særlege behov får tilbod om tilpassa opplæring og at dei vert inkludert i fellesskapet i kyrkjelyden
- Rekruttere, utruste og rettleie frivillige medarbeidarar
- Ta initiativ til samarbeid med ulike eksterne samarbeidspartar som f. eks. barnehage, skule og organisasjonar
- Planlegge og gjennomføre kyrkjelyden sitt studie- og undervisningsarbeid for vaksne
- Ivareta og sikre arbeidet med fleirspråkleg trosopplæringⁱ

4. Eigenutvikling

- Kateketen har ansvar for eigen fagleg oppdatering og personlig fornying.

5. Andre forhold

- Kateketen blir vigsla til tenesta, og undervisninga må skje i samsvar med Den norske kyrkja sitt læregrunnlag
- Kateketen er underlagt teieplikt og skal underteikne fråsegn om dette
- Framlagt barneomsorgsattest, heimla i kl § 29, er sett som vilkår for tilsetting
- Kateketen skal elles utføre si teneste innafor rammer lagt i Tenesteordning for kateket, fastsett av Kyrkjemøtet 20.11.2004

Sak 48/18 Stillingsomtale for diakon

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner at vedlagde «Stillingsomtale for diakon» gjeld for diakonstilling i Kvam.

Stillingsomtale for diakon

1. Stillinga sitt føremål

- Diakonen skal leggja til rette for og fremja nestekjærleik og fellesskapsbyggjande arbeid i kyrkjelyden.
- Diakonen skal arbeida for at kyrkjelyden ivaretek sitt ansvar for å ta vare på skaparverket og kjempa for å fremja rettfærd og menneskeverd.
- Diakonen skal styrkja og fremja samarbeid med andre kyrkjelydar og private og offentlege organisasjonar, for at diakonal haldning og handling skal prege lokalsamfunnet.

2. Plassering i organisasjonen

-
- Diakonen skal vigslast til teneste etter forordna liturgi.
 - Tilsetjinga skjer med atterhald om vigsling, og at biskopen gjev tenestebrev.
 - Kyrkjevevja er diakonen sin næraste overordna.
 - Soknepresten er diakonen sin næraste overordna når det gjeld liturgiske oppgåver, soknebod og det å forrette gravferd.
 - Diakonen har eit sjølvstendig ansvar for den faglege utføringa av dei oppgåver som er tillagt stillinga.
 - Diakonen har tale- og møterett i utval knytt til det diakonale oppdraget.
 - Diakonen er næraste overordna til eventuelle andre medarbeidarar innanfor kyrkjelyden sitt diakoni.

3. Hovudoppgåver – ansvar

- Diakonen er leiar av kyrkjelyden si diakoniteneste.
- Diakonen si teneste omfattar:
- Planlegging og gjennomføring av kyrkjelyden sin Plan for diakoni i samsvar med gjeldande «Plan for diakoni i Den norske kirke».
- Førebyggjande og oppsøkjande verksemd ovafor menneske som treng hjelp, omsorg og støtte.
- Styrking av omsorgsfellesskapet og fremje av diakonal haldning og handling i kyrkjelyd og lokalsamfunn.
- Rekruttering, vegleiing og opplæring av frivillige medarbeidarar.
- Sorgarbeid
- Liturgiske oppgåver ved gudstenester og kyrkjelege handlingar.
- Gå i soknebod.
- Forretta gravferd etter avtale mellom diakonen, soknepresten og biskopen.
- Sjelesorg
- Samarbeid med lokale friviljuge og offentlege instansar.
- Internasjonal diakoni
- Evt. andre oppgaver.

4. Særskilte bestemmelsar

- Diakonen er underlagt reglar om teieplikt.
- Diakonen står under tilsyn av biskopen.
- Ved usemje mellom arbeidsgjevar og sokneprest vedrørende diakonen sitt ansvar og oppgåver knytt til liturgi, soknebod og gravferd, vert saka avgjort av biskopen etter at partane har hatt høve til å uttala seg.
- Vektlegging av arbeidsoppgåver må tilpassast stillingsstorleik og kva kyrkjelyden ynskjer særskilt merksemd på. Dette skal omtalast i ein lokal plan for stillinga, og vert utarbeidd saman med den som har stillinga.

Sak 49/18, Namna minnelund, vidareføring og prioritering av prosjekt

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner skisser til namna minnelund for Norheimsund og Øystese kyrkje, og bed kyrkjevevja arbeida vidare med prosjekta, både planarbeid og finansiering. Prosjektet ved Norheimsund kyrkje skal ha prioritet. Kvam kyrkjelege fellesråd skal ha saka attende før det vert gjort endelege vedtak kring iverksetjing.

Fellesrådet har fått på bordet to ulike skisseprosjekt knytt til utviklinga av namna minnelundar ved Norheimsund og Øystese kyrkje. Det er ulike arkitektkontor som på ulikt vis har løyst oppgåva med ulike føresetnader i terreng og landskap. Begge har definitive kvalitetar, slik kyrkjevevja ser det, og det vert rådd til at me går vidare med begge skisser.

Kyrkjevevja finn likevel grunn til å peika på at gravsituasjonen er ulik ved desse to kyrkjene: I Øystese er det pr dags dato ca 700 ledige graver, medan det i Norheimsund, knytt til Vikøy kyrkjegard, er ca 400 ledige graver. Det er difor kyrkjevevja sitt klare råd at me går vidare og etablerer namna minnelund ved Norheimsund kyrkje først. Denne kan i beste fall avverga ei dyr investering med ny gravplass i Vikøy. Verken økonomisk eller administrativt er det tilrådeleg å etablere desse to namna minnelundane samstundes. Det vil i neste omgang også truleg verta spørsmål om etablering av liknande minnelundar på dei andre gravplassane våre.

Begge prosjekta finst som eigne vedlegg i saksdokumenta.

Sak 50/18 Leiarløn for kyrkjevevje

Saka vert lagt fram utan tilråding. Møtet vert lukka.

Lovheimel for lukkinga er kyrkjelova, med forskrift «Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet», paragraf 3.